

Herlugaheising

Årgang 64 - Nr. 4
DESEMBER 2018

GOD JUL!



Odda



Tyssedal



Skare



Røldal

Glade jul i 200 år

Odda kyrkjekontor

Almerket 17
Postboks 397, 5751 Odda tlf. 53 65 09 00
E-post: post@oddakirken.no
Opningstider: tysdag til fredag 10.00 – 14.00
www.oddakirken.no

Direkte telefonnr.

Kyrkjeverje Liv Eirill Evensen tlf. 53 65 09 07
mob. 951 35 798

e-post: kirkevergen@oddakirken.no

Sokneprest Margrethe Ølberg tlf. 53 65 09 05
mob. 951 12 927

e-post: soknepresten@oddakirken.no

Trusopplærar Therese S. Meusburger
tlf. 53 65 09 06
mob. 958 70 684

e-post: pedagogen@oddakirken.no

Sekretær Angunn Handegard Trå tlf. 53 65 09 00
mob. 416 25 549

e-post: post@oddakirken.no

Kantor Paweł Cabała tlf. 53 65 09 09

e-post: kantoren@oddakirken.no

Organist Krzysztof (Kris) Ulita tlf. 53 65 09 10

e-post: organisten@oddakirken.no

Kyrkjetenarar:

Olav Andor Lono mob. 416 64 018

Anne Marie Reistad mob. 917 79 772

Maria Jordan mob. 908 94 205

Odda sokneråd

Leiar Anna Maria Kråkevik mob. 910 18 331

Røldal sokneråd

Geir Kåre Nybø mob. 906 26 963

Skare sokneråd

Leiar Steinar Tokheim mob. 958 71 277

Tyssedal menighetsråd

Leder Airin Nesse mob. 924 83 405

Odda kyrkjelege fellestråd

Leiar May Søfteland mob. 924 07 604

Det er julaften morgen i det Herrens år 1818. I den lille østerrikske landsbyen Oberndorf er den unge hjelpepresten Joseph Mohr på veg til kirken. Han vil gjøre de siste forberedelsene til kveldens julegudstjeneste. Sinnet hans er fylt av glede og fred. Joseph Mohr er en lystig, ung mann, litt for lystig etter sokneprestens mening. Den aldrende og etter hvert nokså grinebiterske fader Joseph Nostler har sett seg lei på den viltre livsførselen til assistenten at han til og med har sendt klagebrev til erkebiskopen. Unge Muhr tar ikke det så tungt. Dessuten er det jul, og i kveld skal landsbybeboerne igjen søke til mid-nattsmesse i den ærverdige St. Nicolas kirke.

Men inni kirken blir hjelpeprestens muntre sinn brått uroet. Hans gode venn organisten, Franz Gruber styrter mot han og forteller oppskaket at orgelet er ødelagt. Belgen er lekk og orgelet stumt. Etter nærmere undersøkelser finner de også grunnen. Læret på orgelbelgen er gjennomhullet, og synderen kunne ikke være noen andre enn ei lita mus. Ikke et menneske i milevis omkrets kan reparere skaden. Det vil bli ei julenatt uten orgeltoner i St. Nicolas kirke.

Hjelpepresten i Oberndorf er i all sin munterhet en optimistisk og oppfinnsom mann. Han kommer på at han vil gi soknebarna en overraskelse som kan døyve skuffelsen at det ikke blir noe orgelmusikk. Overraskelsen må være en sang, en helt ny julesang. Han styrter hjem og skriver, springer videre til organist Gruber som skriver en melodi. Han kunne i grunn tenkt seg litt lengre tid, men han blir grepet av teksten, og så kommer de glidende til ham, rolige, fredfulle toner.

De setter sammen et lite kor, bestående av to nonner, 6 jenter og 6 gutter.

Messen har startet, og idet soknepresten legger Bibelen sammen og løfter øynene mot forsamlingen, ser han til sin forbauselse en hel prosesjon komme vandrende oppover midtgangen. Soknepresten har liten sans for uventede opptrinn under sine egne arrangementer, men før han rekker å heve en advarende finger, står hjelpepresten der med gitaren i hendene, og stemmer i sin nye julesang sammen. Sokneprestens rødmussete ansikt dirrer av harme og så fort midnattsmessen er til ende, haster Fader Nostler hjem og skriver en ny klage på sin uregjerlige hjelpeprest.

Omtrent slik lyder historien, eller skal vi si legenden, om hvordan verdens mest utbredte julesang ble til.

Helgahelsing

Redaksjon:

Gunvor Stana Seljestad

Paweł Cabała - utføring

E-postadresse: helgahelsing@gmail.com

Send oss gjerne tekstar, bilete, mm.

Kontonr. til Helgahelsing: 3201.52.70089

*Glade jul, hellige jul!
Engler daler ned i skjul.
Hit de flyver med paradis grønt,
hvor de ser hva for Gud er skjønt.
Lønnlig i blant oss de går.
Lønnlig i blant oss de går.*



Margrethe Ølberg
Sokneprest i Odda

Andakt

Av Marna Roer

Det tikkar inn spørsmål om eg vil skriva juleandakt til bladet. Det kan eg nok, men julestemninga er ikkje så lett å få her eg sit på Tenerife i strålende sol og 24 grader varme. På eit butikksenter like ved kjøper eg ein vakker julepynt (biletet), Ei due som kjem med fred! Jau, det nærmar seg. Det som profetar gjennom mange hundre år har førebudd står for døra. Me skal få leva med i mysteriet atter ein gong.

Vel heime er pinnakjøtet og kakemennene for lengst komen i butikkane, og mange stader er det hengt opp julepynt tidleg i november. Sjølv pyntar eg til jul på vesle julafta, og pinnakjøtet vert spart til den store dagen. Det er denne kjensla eg har av at om julegleda vert strekt ut månadsvis så vert alt så uttynna. Som god saft med for mykje vatn i ... Eg likar konsentrert julegleda! Likar skilnad på kvardag og fest!

Men adventstida med sitt fiolette venteskjær den likar eg godt. Me treng god tid til å førebu oss til julemysteriet. Me treng mange år for å fatta meir og meir av det store i det Gud har late skje! Profeten Jesaia skriv: *For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste.*

Eit menneskeborn og ein gudeson på ein og same gong. All makt har han fått, i himmel og på jord. Og han skal vera vår rådgjevar i våre spørsmål om livet og om Gud. Han ER sjølv Gud frå æve og til æve. Han bringer fred! Ja, her får tankane våre strekt seg ... Kanskje er det heller ikkje til å forstå, berre til å ta til seg i undring.

Om lag 700 år etter Jesaia sin profeti får den unge Maria englevitjing, og ho bryt ut i lovsong. «Mi sjel høglovar Herren, og mi ånd frydar seg i Gud, min frelsar. For han har sett til si tenestekvinne i hennar fattigdom». Maria har fått smaka Guds kjærleik! Korlei kan ho elles bryta ut i lovsong? For ho veit nok godt at dette vert tøft. Å bli gravid utanfor ekteskap var heilt uhøyrte på denne tida, og kunne medfø-



ra steining. Maria søker tilflukt hos slektningen sin Elisabeth oppe i fjella, og blir der i tre månader før ho reiser heim for å møte forloveden ... Kva vil han seia? Josef veit jo at han ikkje er barnefaren, og vil bryta forlovinga. Men ein draum hindrar han. Dagen etter draumen giftar han seg med Maria. Ho har ikkje vore utru, barnet ho bærer på er verdsens frelsar, Fredsfyrsten som dei har venta på i mange hundre år.

Ylva Eggehorn skriv om barnet i salmen sin «Så kom du da til sist» Den handlar om ein Gud som er ganske annleis enn jorda sine kongar og fyrstar. Ved å bli menneske og dela våre kår i eit og alt, visar Gud at ingenting i dette livet vårt er framand for han. Han har skapt oss til kropp, skapt oss til felleskap med kvarandre og med seg. Når me klarer å velja det gode er alt som det skal vera, og det vakre og skjønne kan breia seg som ringar i vatn kring oss. Når me vert utsette for det vonde vil Han vera med oss og trøysta. Når me er dei som er vonde, har han òg ei løysing på det, gjennom sin soningsdød på krossen. Denne Gud, som kjenner oss og elsker oss og som vil oss alt godt uansett kven og korleis me er, Han vil eg ta av meg hatten for. Han vil eg elska tilbake, han vil eg tilbe! No og i all æve. Dette vil eg bruka adventstida og jula til å prøva å ta inn over meg. Litt meir frå år til år. Til slutt vil eg vil dela Ylva sin tekst i salme 364 i den nye salmeboka. Her får me historia på ein litt annleis måte som kanskje kan gje oss nokre nye vinklar inn mot mysteriet:

Så kom du da til sist, du var en fremmed,
en sagnfigur man nok har snakket om,
så mange hadde laget bilder av deg,
du sprengte alle bilder da du kom!
Vi tok deg frekt til inntekt for vårt eget
og flagget med ditt navn i krig og fred,
vi bygde katedraler høyt mot himlen,
men du gikk hele tiden lengre ned.

Du er et barn som ligger på et jordgulv,
du fryser om vi ikke griper inn.
Du tar på syke kropp, hater urett
og byr de elskende på moden vin.
Du stiger ut av alle tomme graver,
du er en vind som varsler: det blir vår!
Du kommer som en flyktning over fjellet,
du følger oss dit ingen annen når.

Du er den sang om livet som jeg glemte,
den sannhet jeg forrådte dag for dag.
Jeg svek meg selv; det speilet som jeg gjemte,
har dine dybder, dine ansiktsdrag.
Kom nærmere, og bli hos meg! Det mørkner,
og kanskje lysner det igjen på ny.
Ditt liv skal bære meg: jeg hører trosten,
som synger dagen inn før morgengry.

Nye medarbeidarar i kyrkja



Marna Roer

Hei, eg heiter Marna Roer og vil vera vikar i kyrkja i Odda framover. Denne hausten har det vore gravferder og andaktar eg har brukt mine 40% stilling på. Frå nyåret vil eg òg ha konfirmantar, men det vert truleg mest i Jondal kommune.

Med pedagogisk bakgrunn, og med fordjuping i vegleiing, har eg jobba i skuleverket og som kateket i kyrkja. Eg kallar meg gjerne Hardanger- Sunnhordlending, for det har no vore her i bassenget eg har levd mine 54 år. I Bergen, Os, Tysnes, Stord, Kvinnherad og Herand i Jondal kjenner eg meg heime, og når eg køyrer rundt på vegane i distriktet så tenkjer eg ofte at dette er mitt rike, dette er min heim på jorda! No får eg òg bli betre kjend med Odda, og får utvida sirkelen. Elles deler eg tida mi som vikarprest med jobb som turistvert. Heime i Herand har me rom for overnatting og serverer frukost etter B&B prinsippet.

Når det gjeld lysta mi til å jobba i kyrkja, så handlar den om at eg sjølv kjenner me sett og elska av Gud! Det er den største rikdomen i livet mitt. Overtydninga mi er at Gud alltid er nær. Både når det kjennest og når han opplevst som langt vekke. -Du er ein Gud som ser meg, kan eg seia med Hagar i det gamle testamentet. Det gjev ei så stor og boblande glede at eg må vera på plassar der eg kan få dela med andre. Mest av alt ønskjer eg at andre skal få oppleva og tru det same. At dei òg er uendeleg elska av Han som har skapt alle ting så måteleg vakkert. Så gjer me menneske ein stor innsats for å øydeleggja for kvarandre og for jorda. Difor er eg òg miljø- engasjert. Me er sette til å byggja opp, ikkje til å riva ned. Kvar dag må me gjera val. Filosofen Nina Karin Monsen held fram omgrepa; Det sanne, det gode og det skjønne. Dette vil eg velja! Og dette er den vegen eg gjerne vil at me skal motivera kvarandre for å gå.



Therese S. Meusbürger

Ja tenk, då har eg starta i jobben som trusopplærer her i Odda fellesrådsområde. Eg er taknemlig, glad og spent over å ta fatt på denne oppgåva. Ei spennande og stor utfordring! Dei siste tre åra har eg jobba på Odda barneskule, noko eg ser på som ein stor fordel no. Veldig kjekt å kjenna så mange av dei flotte borna vi har i kommunen. Sjølv er eg gift og har fire barn. Eldste jenta har nett flytta heimafrå for å gå på vidaregåande skule og minstejenta starta i 1. klasse i haust. Gutane er midt i mellom.

Eg er vaksen opp i ein kristen heim og har hatt med meg trua gjennom heile livet, i større og mindre grad. Eg tenker at livet, og livet med trua, er ei reise. Somme gonger klarer vi oss «heilt utan», mens andre gonger treng vi noko å halda fast i. Etersom åra går, og eg har passert 40 (..!), så kjenner eg at trua betyr meir og meir. Dei dagane som startar med eit ord eller ei andakt, dei vert fylt med ein god Fred. Trua på at Gud har skapt meg, og har ein plan for akkurat mitt liv, det er godt å vite. Noko eg òg synes er viktig at borna må få tryggleik i. Ikkje minst i denne tida då «generasjon prestasjon» er det som går igjen/regjerer hos barn og unge. VI ER ALLE HEILT UNIKE OG I GUDS PLAN!

Det er sjølv sagt ei stor oppgåve å drive trusopplæring i fire sokn med ei 50% stilling. Eg er heilt avhengig av å ha frivillige med på laget. Stikk gjerne innom oss, eller ring 95870684 - om du har lyst til å hjelpa til som frivillig innimellom. Kanskje har du ein god ide til kva vi kan drive med?

VI HAR ALLTID KAFFE KLAR ☺

Eg gler meg til å møta deko rundt om kring. Eg brenn for gode og trygge møteplassar, for alle!



Maria Jordan

Sidan 1. september har eg vore ansatt som kyrkjetjenar i Odda fellesrådsområde. Arbeidet mitt er allsidig, kjekt og spennande. Denne fyrste tida har gått så fort. Eg er kjempeglad, så taknemleg og audmjuk for å få slik ein fin jobb. Eg har eit kjempegodt team rundt meg, med dei flottaste kollegaer.

Eg er oppvaksen i Skare, er 31 år og har ein gut som byrja på barneskulen i Skare no i haust. Dei siste åra har eg blant anna studert ved UiB. Samtidig som at eg har studert, har eg arbeid innan helse og omsorg, service og vedlikehald. Etter å ha fullført vidaregåande i Odda, har eg flytta litt rundt i forbindelse med utdanning, men har alltid vendt heim.

No har eg ein fot i Odda og ein fot i Ullensvang, på det arbeidsmessige plan. Eg har nettopp byrja i Ullensvang kyrkje, tilsvarande stilling som eg har i Odda.

No går me inn i den finaste høgtida, med juleførebuingar, konsertar og gudstenester. Håper å sjå deg innom, ta eit pusterom frå julestria og ein travel kvardag. Du er alltid velkommen!

Så var hausten her igjen!

Det tyder hausttakkefest og utdeling av 4 og 6-års bok i kyrkjene våre.

Først ut var Skare kyrkje søndag 30. september. Der hadde vi ei fin stund med dåp og utdeling av 4- og 6-års bøker. Soknerådet hadde laga til kaffe og kaker som vi fekk servert bak i kyrkjerommet etter gudstenesta.

Søndag 14. oktober var det duka for hausttakkefest i Odda kyrkje. Først hadde vi ei fin gudsteneste med to dåpsbarn og utdeling av 4-års bøker. Speidarane deltok i inngangsprosesjon, der alle bar med seg korger fylt med frukt og grønt. Flotte plakatar som speidarane hadde laga av haustblad, pryda kyrkjerommet med TAKK! Etter gudstenesta inviterte Odda sokneråd og speidarane til kyrkjekaffi på soknehuset. Det var fullt hus og ei hyggelig stund med god mat og drikke. Fruktkorgene vart så lodda ut, til stor spenning for alle i salen. Inntekta gjekk til KFUK/KFUM sin globalaksjon. Kr 3400,- kom inn på åresalet. Takk til diakoniutvalet som deltok.

Søndag 28. oktober samla vi oss til hausttakkefest i Tyssedal kirke. Her vart det ei fin stund i kyrkja, med utdeling av 4- og 6-års bok. Menighetsrådet inviterte til kyrkjekaffi i kirkekjelleren etter gudstenesta. Ein god og fin atmosfære i hyggelig lag.

Søndag 4. november var det kveldsgudsteneste i Røldal Kyrkje. Presten fortalde oss om lammet som hadde gått seg bort, men som den gode gjetaren Bæænjamin leita etter heilt til lammet vart funne. Borna fulgte godt med. Det var dåp og utdeling av 4 og 6-års bok, med 100% oppmøte ☺.

Etter gudstenesta var det enkel kyrkjekaffi bak i kyrkja. Soknerådet hadde steikt nydelege lappar, som vi kosa oss med over ein hyggeleg prat.



Om BOB: Då eg starta i jobben som trusopplærar sat denne herlege bamsen å venta på meg på soknehuset. Han har fått namnet BOB. Den første B-èn står for «BLIKK», og skal minna oss om korleis vi brukar blikket mot kvarandre. O-èn står for «ORD», og minnar oss om korleis vi snakkar til kvarandre. Den siste B-èn står for «BERØRING», og minner oss om at «ein klem er betre enn eit slag». BOB kjem til å vera med meg rundt på alle tiltaka, så han skal de bli godt kjent med!



Sett ditt preg på kyrkja di



Kyrkja bygger fellesskap der du bur. Velkomen til å bidra!

I kyrkja skal det vere rom for alle som ønskjer det. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meininger. Ulike vegar til tru.

Ver med å ta ansvar for fellesskapet og for kyrkja di! Det er kyrkjeval 9. september 2019. Skal du stilla til val? Eller gje forslag om ein god kandidat? Du er invitert til å vera med på å skapa kyrkja i framtida!

Her kan du ta ansvar

Kyrkja di har rom for ditt engasjement. I møta med folk i nabolaget kan du bety noko med dine haldningar og det du gjer. Du trengst til ei av dei viktigaste oppgåvene i landet vårt: Å skapa sterkare fellesskap i bygd og by.

Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 frivillige til å leia arbeidet til kyrkja. Du kan vere med på noko stort: Sei ja dersom du vert spurd om å stilla til val. Og gje di røyst på valdagen. Vi vil samarbeida for at fleire opp dagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

Kyrkja har eit mangfald av tilbod: Gudstenester, omsorg for menneske, dåp og trusopplæring, konfirmasjon og ungdomsarbeid, kor og kyrkjemusikk og aktivitetar for born. Med dei mange tilboda og fellesskapa våre, har vi også behov for eit mangfald av engasjerte menneske.

To val

Ved kyrkjevalet kan du røysta på kandidatar til både soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet.

Soknerådet

Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema – m.a. barne- og ungdomsarbeid, miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, og dessutan jus og økonomiforvaltning.

Bispedømerådet

I kvart bispedøme er det eit bispedømeråd. Bispedømerådet tilset prestar og nokre av dei andre tilsette i kyrkja. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste organet i Den norske kyrkja.

Kandidatlistar

Soknerådet skal setja ned ein nominasjonskomité som skal nominera kandidatar til soknerådsvalet. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn eigne kandidatlistar innan 30. april 2019. Alle kandidatlistar er sette opp i prioritert rekkjefølgje.

Til dei regionale bispedømerådsvala vil det finnast lister frå ein nominasjonskomité (som består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømmet etter avstemming i eit valmøte der kvart sokneråd sender sin representant). I tillegg kan det koma lister frå andre nomineringsgrupper. Slike grupper kan ved å registrera seg innan 2. januar, søkja om økonomisk støtte til arbeidet sitt.

Kva gjer soknerådet?

Her er nokre døme på soknerådet sitt ansvarsområde:

- Trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

Soknerådet har ein representant i kyrkjeleg fellestråd. Kyrkjeleg fellestråd tek seg av administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna, og dei opprettar og legg ned stillingar

Sokneråd har 4–10 medlemmer. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta.

Soknerådet møtest 2-5 gonger i halvåret. Medlemene er valde for fire år.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemmer viste at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vera med i soknerådet. 85 prosent synest vervet er meir eller like tilfredsstillande som dei hadde forventa.

Kyrkjevalet vert arrangert i eit lokale i nærleiken av der du stemmer ved kommune- og fylkestingvalet. Oversyn over stemmelokale og kandidatar du kan røysta på, finn du på www.kyrkjevalet.no når valet nærmar seg. Frå nettsida kan du frå sommaren 2019 òg lasta ned stemmesetlar.

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

1. Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan sørgja for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan sørgja for at kyrkja di er ein open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv

Kjelde: www.kyrkjevalet.no

Forståing

Ein person vart spurd om han ikkje var frustrert over alt det han ikkje forstod i Bibelen?

Nei, svara han, eg har flust nok å gjera med det eg forstår!

Når det står: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» (Joh 3,16), så er det ikkje utan grunn at desse ord vert kalla «Den lille Bibel». Ganske enkelt å forstå. Viss vi spør oss sjølv kvifor Gud Fader ville gje oss denne løysinga på våre syndebytna liv, så er det vanskelegare, men det står jo faktisk at det var fordi han elska verda! Verda? Altså ikkje dei kristne, men kvart einaste fødte menneske på denne jorda. Då går det ikkje lengre å forstå med forstanden, då må vi forstå med hjartet, og tru på kjærleiken, – som vi jo faktisk òg gjer, når det gjeld kjærleik mellom menneske her på jorda. KPK



SMÅBARNSKAFÉ

Vel møtt til småbarnskafé på soknehuset i Odda kvar torsdag kl. 10.30-13.00 på soknehuset ved Odda kyrkje. Siste samling før jul vert torsdag 6. desember.

Barn under skolealder frå Odda, Røldal, Skare og Tyssedal i fylgje med foreldre, besteforeldre eller dagmamma er hjarteleg velkomne. Vi leikar, syng og har ei koseleg stund i lag.

Ta med nistepakke, vi held drikke.

Lurer du på noe, kontakt kontoret 53 65 09 00



VERDENSDAGEN FOR PSYKISK HELSE



Verdensdagen for psykisk helse: Vær raus!

Verdensdagen for psykisk helse er Norges største opplysningskampanje for psykisk helse 10. oktober. Dagen skaper åpenhet og gir kunnskap om psykisk helse - vi har alle en psykisk helse.

I kirken ble dagen markert 9. oktober med bønn i kirkerommet, og med kaffi og vafler på soknehuset etterpå. Årets tema var "Vær raus", og vi ble oppfordret til å vise raushet i hverdagen. Å være raus med seg selv og andre kan nemlig bidra til god psykisk helse.

Raushet handler om å gi noe uten å forvente å få noe tilbake. Det dreier seg om å akseptere at vi er ulike, at vi ikke er perfekte, og gi rom for egne og andres ulikheter. Kathrine Aspaas, forfatter av boken Rausheten tid, skriver dette om raushet:

“Raushet er å unne andre suksess.

Raushet er å våge åpenhet.

Raushet er å lytte til andre.

Raushet er å våge å feile.

Raushet er å tillate andre å feile.

Raushet er å hjelpe andre.

Raushet er å ta et skritt tilbake før vi dømmer andre.

Raushet er å tilgi oss selv – og andre.

Raushet er å konfrontere med vennlighet.

Raushet er å sette grenser med vennlighet.

Raushet er å takke vennlig nei til det som ikke gir oss glede.”

Vi har alle mulighet til å være raus. Vi kan være rause med oss selv og med andre. Raushet smitter. Og et raust samfunn styrker oss alle.



ODDA KFUK-KFUM-SPEIDARAR

Odda KFUK-KFUM speidarane er ei herleg gruppe med over 20 barn og ungdom fra 3. klasse og oppover.

Speideren tok avskjed med gruppeleiar Annlaug Engmark etter Landsleiren i sommar og vi kjem til å sakne henne når ho no har flytta til Norheim. Vi fikk takka Annlaug for hennar supre arbeid med speidaren da ho kom på besøk til eit speidarmøte på soknehuset i oktober. Ho fikk ei fin Speidarhelsing frå gruppa, eit utskore trearbeid i alm laga av Morten Frøynes. Denne kvelden var det også familiefest med opptak av fleire nye speidarar til gruppa.

Etter å ha vore på Landsleir i sommer, samlast no ei glad og ivrig Vandrar- / Rovar-gruppe kvar veke. Dei har kasta seg ut i forskjellige aktiviteter og planar, i tillegg til å vera med på felles møter med dei yngre.

Dei yngre, Stifinnarane, har tema 'Himmel' no i haust, og tek mellom anna speidarmerka i orientering og kyrkje. Vi lærer viktig speiderkunnskap om kart og kompass som skal brukas på turar. I tillegg til å bidra på Hausttakkefest, har vi hatt ei lærerik omvisning i Odda kyrkje med Margrethe, der Stifinnarane kom med mange spørsmål!

Og det er alltid kjekt når vi har tid på møta for å laga bålmat!

Stifinnarane møtest på mandag annakvar veke og Vandrarar / Rovarar kvar uke, på mandagar, og nye medlemmar er alltid velkomne. Vi ynskjer oss også fleire vaksne som kan ta ansvar for speidararbeidet – vil du vera med?

For meir info, ta kontakt med gruppeleiar Hilary Mobbs (mobil 466 64 810) eller kyrkjekontoret i Odda.

Beste helsing
Hilary Mobbs
gruppeteiar





DEN NORSKE KYRKJA

i Jondal, Odda og Ullensvang



STØRST AV ALT



Dåpen—ei Guds gåve

Barnedåp er ein kjær og fin tradisjon i Noreg, som samlar generasjonane om eit høgtideleg og vakkert ritual - og Guds nådemiddel (sakrament) - med barnet i fokus.

Gjennom dåpen vert barnet medlem av Den norske kyrkja og tek del i den kristne fellesskapen og kyrkjelyden. Barnet får etter kvart tilbod om å vere med på aktivitetar innan trusopplæringa i kyrkja.

Den norske kyrkja får ikkje lenger melding når eit barn kjem til verda. Difor kan me diverre ikkje sende personleg invitasjon til dåp, men:

Alle barn er velkomne til kyrkja!

For å melde barnet til dåp, ta kontakt med det lokale kyrkjekontoret ditt i god tid.


Kyrkjekontoret i Odda: tlf. 53 65 09 00. Besøksadresse: Odda soknehus.

Kyrkjekontoret i Jondal: tlf. 53 66 84 37. Besøksadresse: Det nye kontorbygget ved kyrkja.

Kyrkjekontoret i Ullensvang: tlf. 53 67 15 40. Besøksadresse: Heradshuset i Kinsarvik.

PS: Visste du at du som er ungdom eller vaksen også kan melde deg opp til dåp? Ta kontakt med kyrkjekontoret ditt for meir informasjon.

BARNEKRYSS



LODDRETT:

1. Julas hovedperson
2. Norsk villdyr
3. Skratte
4. Kåre Pedersen
5. ingenting
8. Thor Heyerdahls båt

VANNRETT:

1. Høytid
4. Bøye knærne
6. Katt
7. Smart
9. Ytret



Alle 9-åringar

i Tyssedal, Odda, Skare og Røldal er hjarteleg velkomne til å vera med på Tårnagenthelg. Det skjer i Odda kyrkje lørdag **23. mars** og søndag **24. mars**.

Meir info kjem



Berre éin?

Den unge frelseoffiseren var ny på staden, der ho skulle vera leiar for forsamlinga. Til det første møtet hennar kom det berre éin.


Skulle ho berre avlysa? Skulle ho be denne eine – ei middelaldrande kvinne – opp i leilegheita si til ein kopp kaffi og ei andakt?

Ho valde å køyra fullt program: Song, bibellesing, bøn, meir song, kollekt og preike.

Etterpå kom kvinna bort til ho og fortalde historia si. Ho budde eit godt stykke unna den vesle byen. Der var det liten og ingen kristen aktivitet. Ho hadde ikkje vore til ei gudsteneste på mange år, oppteken som ho var med eit lite gardsbruk og ein stor familie. No var ho i byen for ein legekonsultasjon, og då ho såg plakaten om møte på Frelsesarmeen, hadde ho valt å gå dit. – Du skal ha takk for at du tok meg på så stort alvor at du hadde ei heil gudsteneste for meg åleine, sa ho.

Berre éin? Jesus seier noko i Matteus-evangeliet om den eine.

KPK



Hukommelsen til hjarta ❤️

Ein mann hadde gått på sundagsskulen i barndommen, men hadde først i godt vaksen alder ei kristen omvendning.

– Og plutselig hugsar eg dei igjen, alle bibelforteljingane eg hadde høyrte, fortalde han seinare.

Ein kunnskap som ikkje hadde vore i bruk på mange år, vart plutselig aktivert. Bibelforteljingane vart levande igjen. På engelsk har ein eit uttrykk for det å ha lært noko utanåt. Det er noko ein «know by heart» - «veit i hjartet», kan det verta omsett til. Kunnskapen til hjartet; hjartet sin hukommelse.

«Hjartet har ein forstand som forstanden ikkje fattar», sa den franske filosofen Pascal.

I eldreomsorga er det eit kjent fenomen at song kan vera ein måte å koma gjennom den muren som alder og demens kan representera. Ikkje minst songar som vedkomande hugsar frå barndom og ungdom: Viser og salmar. Den visa Salomo sa: «Ta vare på hjartet framfor alt, for livet går ut frå det.» (Ordt 4, 23).

KPK



Førstehjelp ved sorg



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjerådet

Illustrasjonar: Sina Löfgren.



Ta ansvar for kontakten

Vi må ikkje leggje ansvaret for å halde kontakten på den sørgjande. Unngå å seie «ring meg om det er noko, eg er her for deg». Da er det stor fare for at den sørgjande ikkje orkar å vere den som skal ta kontakt. Sei heller: «Eg ringjer deg på tysdag, ta telefonen om du orkar.» Om den sørgjande ikkje svarar, kan du ringje igjen. Og igjen og igjen.



Gi rom

Det kan vere mange som sørgjer over den same personen samtidig. Alle som har mista ein nær, har ein unik relasjon til den som er borte. Sorga er ulik frå person til person. Vi må unngå å ta over med våre egne minne og kjensler. Vi må hugse at det som gjeld, er kjenslene til den sørgjande, same kva slags kjensler det er. Våre tankar og forteljingar er sjølvstøtt også viktige – men ikkje viktigast.



Vis nærvær

Mange av oss er redde for å trengje oss på, og det kan fort ende med at vi ikkje gjer noko som helst. Kanskje tenkjer vi at den sørgjande helst vil vere i fred, eller at vi skal vente med kontakt til «det verste er over». Vi må vise tydeleg at vi er der, slik at den sørgjande ikkje føler seg utanfor eller oversett.

Kva er førstehjelp ved sorg?

Det er tungt å vere åleine i sorga. Derfor har kyrkja samla tankar og konkrete tips som gjer det litt lettare for oss å vere til stades for medmenneske i sorg. Sorg er smertefullt, men sorga kan bli lettare å halde ut når ho blir delt. Kyrkja har lang erfaring med å møte og støtte sørgjande. Tipsa her er meinte som ei hjelp i den første tida, når nokon har mista ein dei er glad i. All sorg er unik. Det finst ingen instruksjonar som alltid er rette, det er ingen absolutte sanningar. Kanskje er det òg ei av årsakene til at så mange kjenner seg usikre når dei skal møte andre i sorg. Med desse tipsa håper Den norske kyrkja å kunne medverke til at fleire kjenner seg litt tryggare og betre førebudde, slik at ingen rundt oss må vere einsame i sorga si.



Bryt stilla

Mange synest det er vanskeleg å ta kontakt med den som sørgjer. For kva skal du seie? Tenk om det blir heilt stille når du ringjer, eller kanskje den sørgjande tek til å gråte? Det viktige er ikkje kva du seier, men at du vågar å bryte stilla. Av og til er ei tekstmelding ei betre løysing enn ein samtale; det er ofte lettare å ta imot og svare på ei melding.



Ta initiativ

Foreslå ein heilt kvardagsleg aktivitet. Du kan invitere på kaffi, til å sjå ein film, eller til å bli med på ein liten tur ut. Mange sørgjande lengtar etter ein pause i sorga og litt vanleg kvardagsliv. Hugs at den du inviterer med, kanskje takkar nei, og det er heilt greitt. Det viktigaste er at du spør – og at du vågar å spørje på nytt.



Ver tolmodig

Vis forståing for at alle sørgjande har sin eigen sorgprosess. Ikkje «trøyst bort» sorga, og ikkje vis frustrasjon over at den sørgjande ikkje kjem seg vidare. For sorga har ingen «best før»-dato, og det finst korkje normal eller unormal lang tid for sorg. Somme har behov for å fortelje den same historia om og om igjen, og for somme kan det vere ein viktig del av det å forstå og arbeide seg gjennom sorga.

LJOSKRUNA I MO KYRKJE

Eg har lenge tenkt å reisa til Mo kyrkje i Tokke kommune for å sjå ljoskruna som heng under taket i skipet. Den 8. september gjorde eg alvor av tanken, etter å tatt kontakt med prostidiakon Eilev Erikstein. Historien bak ljoskruna er skriven om i Røldal Bydebok, så eg siterer derifrå:

«I Mo kyrkje heng ei seksarma ljoskrune. Ho er gjeven av Rasmus Mikkelson Midjås og kona, Gunhild Olsdr. i 1766. Ljoskruna er av messing og skal vera betalt med 200 spd.



Det vert fortalt at Rasmus Midjås datt ned av tømra då han bygde seg hus. Han fekk så stygg ein støyt at han miste høyrsla. Men gjetordet som gjekk om krusifikset i Røldalskyrkja, visste også Rasmus om. Han tenkte seg å reisa til Røldal, og folket hans talde til. I 1766 drog han og kona avstad. Dei kom fram, og Rasmus fekk ein klut med sveitte frå krusifikset på øyro. Han totte plent det hjelpte, så han kunne høyra når folk tala til han. Glade for han og kona heimatt, og til takk for hjelpa gav dei då ljoskruna til Mo kyrkje.»

No har eg sett henne med inskripsjonen «RMSM – 1766»

Margit Gjørsv



Lys vaken er eit overnattingsopplegg i kyrkja for 11-åringar. Dei fleste kyrkjelydar gjennomfører Lys vaken natt til første søndag i advent.

Navnet Lys Vaken handlar ikkje om at vi skal vera vakne heile natta, men at vi skal vera vakne ovafor det som skjer i oss og rundt oss. Vi skal vera vakne ovafor Gud, kvarandre og oss sjølve. Ikkje minst kan vi oppleva at Gud er Lys Vaken for oss. Advent handlar jo nettopp om ljuset som kom til verda. Dette skal vi feira – i tillegg til at 1. søndag i advent markerer starten på eit nytt kyrkjeår.

Juletreffestene i Odda og Tyssedal

Juletreffester har en lang tradisjon, og også denne julen arrangerer soknerådet i Odda og menighetsrådet i Tyssedal julefest for hele familien! Det blir mat, juletrengang, andakt og leker.

I Odda torsdag **3. januar** kl. 17.00 på Odda soknehus.
Inngangspenger: Vaksne:30,- Barn:20,-

I Tyssedal søndag **6. januar** kl. 16.00 i Tyssedal kirke.
Det vert servert lapskaus og julekaker.

❄ *Velkommen!* ❄





tlf. 02002



tlf. 53 64 32 09 / 959 28 787

FARGERIKE

Torkelsen

tlf. 53 64 24 80

torkelsen@fargerike.no



Sentralbord: 53 65 05 00

www.oddaenergi.no



Døgnvakt byrå, tlf. 90 67 99 99

53 64 20 00

Blomsterbutikken, tlf. 53 64 21 50

fax 53 64 23 81

www.digranes.no



ODDA MEKANISKE VERKSTED AS

Postboks 144, 5751 Odda

post@omv.as tlf. 53 64 00 40



VD ENGINEERING AS

Postboks 392, 5751 Odda

Hardanger Folkeblad
- først og fremst

tlf. 53 65 06 20



tlf. 55 09 28 88

Odda Rutebuss AS



Tyssedalsvn. 8 - 5750

1Odda

tlf. 53 64 18 65

fax 53 64 23 91

Røldal Bygdeteneste

5760 Røldal, tlf. 941 52 656

Grunnarbeid - Snørydding - Hagearbeid
Stillasutleige - Vedsal



Tenestetorget tlf. 53 65 40 00.

www.oddakommune.no



EIN STABIL OG TRYGG BANK

AVD. ODDA - 53 64 95 00



tlf. 53 00 44 24



tlf. 53 64 56 12



**HARDANGER
BILSKADESERVICE**

OPPRETTING - LAKKERING - SERVICE

Odda, tlf. 53 64 40 22

EUROSKO
ODDA

Nederst i Gågata

tlf. 53 64 10 12



tlf. 53 64 80 80

post@hoyer-odda.no



Røldal - tlf. 53 64 71 26

Kryssordløsning:



Vannrett: 1. JUL 4. KNELE
6. PUS 7. LUR 9. SA

Loddrett: 1. JESUS 2. ULV
3. LE 4. KP 5. NULL 8. RA



TERJE

STORHAUG

barne-unodoms-og herrekfær

tlf. 53 64 16 44

Steinar Tokheim

Byggn.tekn.kons.

Skare

stokheim@online.no

mob. 958 71 277

Einar Reisæter AS

elekt. forretn. install.

Eitrheimsv I, 5750 Odda

tlf. 53 64 13 33

GRAVMINNER



**Løvaas
Naturstein**

www.lovaasnaturstein.no

Tlf. 55 92 25 30

JULEKONSERTER:



Tirsdag 4. desember kl. 19.00 i Odda kyrkje
«Himmelhøge stier»
Jul med Oddakonsertene

Onsdag 5. desember kl. 19.00 i Odda kyrkje
«Himmelhøge stier»
Jul med Oddakonsertene

Torsdag 6. desember kl. 19.00 i Odda kyrkje:
«Himmelhøge stier»
Jul med Oddakonsertene

Fredag 7. desember kl. 19.00 i Røldal kyrkje:
Akustisk julekonsert med:
Emil Solli-Tangen - sang
Jan Birger Akerhaugen - gitar
Terje Meisingset - orgel/piano

Søndag 16. desember kl. 18.00 i Odda kyrkje:
Julekonsert med Odda musikklag og
Internasjonalt kor.



Emil Solli-Tangen Røldal Stavkirke

For fjerde året på rad drar Emil Solli-Tangen ut på sin akustiske julekonsert turné. Med seg har han sine to faste musikere Jan Birger Akerhaugen på gitar og Terje Meisingset på orgel og piano, begge to kjent fra Ni Liv. Sammen ønsker de å gi deg en nedstrippet og varm julekonsert, der du kan puste ut og glemme stress og mas for en stund.

Repertoaret er variert og består av både kjente og ukjente julelåter i flere sjangere. I tillegg til de kjære norske julesangene vil du også få høre perler fra opera tradisjonen og amerikanske jazzklassikere. I stedet for å pøse på med glitter og glans, har Emil valgt å ta formatet helt ned til kun sang og to instrumenter. På denne måten håper han at det skal bli lettere å finne tilbake til den gode julestemningen.



Dørene åpner: 18⁰⁰
Konsertstart: 19⁰⁰
Billetter kan kjøpes på
ticketco.events eller
ved inngangen.
Forhåndssalg: 275,-
Billetter ved inngang: 300,-
Barn under 12 år gratis

Himmelhøge stier

Jul med Oddakonsertene

KNUT MARKHUS, MARGRETHE OLBERG
ROGER LYNCHAMAR, HELGE TVERDAL, TUVÅ LUTRO
OVE LB, DANIELSEN, LARS AALVIK KARLSEN,
SIRI ELTON, ARIANA ARIFF, SOLVEIG SKÅRE,
STINE SKJELDÅS, SILJE KARLSEN,
HARALD HOLVÆN, HANSHILD SALVESEN
IRENE TVEIT BØRVY (døtre Høllurprinsesser)
HÅKON WIDDING, GUNN GRAVDAL ELTON
MORTEN EIKELAND

TIRSDAG 4. ONSDAG 5. OG TORSDAG 6. DESEMBER

KL. 19 I ODDA KYRKJE
BTLL. KR 150/250,-

bill. kan kjøpes på tenesteforget, på Odda kommune sine nettsider, eller via epost oddakonsertene@gmail.com. Du kan også ringe 41427470 om det er lettere.



Morgonfrost i oktober

Det singlar i stinkla sumpar
av krasande katteklør.
Frostrøyken driver lydlaust
som nattbleike brueslør

Håbøen ligg der hela
i rimpynta morgonstas.
Kaldkvit i sør står stjerna
og gløser mot gulna gras.

Svisvorta sit og sturer
og ventar på morgonlys.
Bruser seg opp mot frosten
og hutrar so smått – og frys.

Blåkvit stig morgonrøyken
frå gråkledde kvardagshus.
Kjømehsa heng mot ruta
i kvitrande frokostrus!

Langt nord i Gråsteindalen
har fjella fått hattar på:
Hausten har pynta *sine*
- dei trufaste, trauste grå - .

Jimmy Øvredal, f. 1940. Fra «Utanfor alfarveg»
Forfatter, radiokåsør, lærar og toradarspelar.



Døypte

Jesus seier: Sjå, eg er med dykk alle dagar
så lenge verda står. *Matt.28,20*

Odda kyrkje

30.09.2018 *Oline Holven Øvrehus*

14.10.2018 *Ada Sæbø Vik*
Jacob Gavle

04.11.2018 *Martin Thomassen-Hagen*

Røldal kyrkje

04.11.2018 *Oddvar Narheim Tveita*

Røldal kyrkje

30.09.2018 *Johanna Haugland Eggestøl*

21.10.2018 *Ida Kristine Grønsdal*

Vigde

Odda kyrkje

31.10.2018 *Susanne Nilsen & Kent Magne Medhus*

Røldal kyrkje

13.10.2018 *Hilde Pedersen & Kenneth Meland*

27.10.2018 *Maren Eide & Frithjof Holth Stensjø*



Avlidne

Herre, lær oss å telja våre dagar,
så vi kan få visdom i hjarta. *Salme 90,12*

Odda

Torgeir Espe f. 1957

Anna Tømmernes f. 1923

Ture Arild Green f. 1937

Svein Småbrekke f. 1950

Bjørn Sigve Eriksen f. 1941

Emma Odland f. 1928

Anna Digranes f. 1957

Halvor Johan Bådsvik f. 1928

Skare

Lorentz Arne Nordbustad f. 1940

GUDSTENESTELISTA

2. des. - 1. søn. i advent

Odda kyrkje kl. 11.00
LysVaken
Røldal kyrkje kl. 11.00

9. des. - 2. søn. i advent

Skare kyrkje kl. 11.00
Odda kyrkje kl. 17.00
Ljosmesse

24. des. - julaftan

Tyssedal kirke kl. 14.00
Odda kyrkje kl. 16.00
Skare kyrkje kl. 16.00

25. des. - juledag

Røldal kyrkje kl. 11.00
Odda kyrkje kl. 12.00
Odda songlag deltek

31. des. - nyårsaftan

Røldal kyrkje kl. 16.00

1. jan. - nyårsdag

Odda kyrkje kl. 12.00

6. jan. - Kristi openbaringsdag

Odda kyrkje kl. 11.00
Røldal kyrkje kl. 11.00

13. jan. - 2. søn. i åpenbaringstida

Skare kyrkje kl. 11.00

20. jan. - 3. søn. i åpenbaringstida

Tyssedal kirke kl. 11.00
Røldal kyrkje kl. 17.00

27. jan. - 4. søn. i åpenbaringstida

Odda kyrkje kl. 11.00
Økumenisk gudsteneste

3. feb. - 5. søn. i åpenbaringstida

Odda kyrkje kl. 11.00
Røldal kyrkje kl. 11.00

10. feb. - 6. søn. i åpenbaringstida

Skare kyrkje kl. 11.00

17. feb. - sãmanningssøndag

Tyssedal kirke kl. 11.00

24. feb. - Kr. forklaringsdag

Røldal kyrkje kl. 11.00
Odda kyrkje kl. 17.00

3. mars - fastelavns søndag

Odda kyrkje kl. 11.00
Røldal kyrkje kl. 17.00

10. mars - 1. søn. i fastetida

Skare kyrkje kl. 11.00
Odda kyrkje kl. 17.00

24. mars - Maria bodskapsdag

Odda kyrkje kl. 11.00
Tårnagenthelg
Skare kyrkje kl. 17.00

31. mars - 3. søn. i fastetida

Tyssedal kirke kl. 11.00
Samtalegudstjeneste
Odda kyrkje kl. 17.00

Det kan verta endringar - sjå etter i HF om fredagen

Tysdagsbøn

i Odda kyrkje kl. 12.00



Kyrkjeskysse i Røldal



ring 95 95 11 11

Fellesbøn

(økumenisk bøn)



på Soknehuset
kvar laurdag klokka 10

Kirkens SOS

FORTVILET?
Ring Kirkens SOS
22 40 00 40



ODDA

TRYKK & REKLAME

Postboks 253 - 5751 Odda
tlf. 53 65 03 20 - Fax 53 65 03 30

www.oddatrykk.no